



Klar til start frå grano!

- Denne ruta øydela eg då eg gjekk på skulen her!  
 Tilståinga kom uoppfordra og uten reservasjonar i ettermiddag frå Håkon Haugland då han var med og feira konfirmantjubleet i Uskedalen. Jubileet strekkjer seg over 2 dagar og omfattar dei som kan markera at det no er 50, 60 (61) og 70 (71) siden dei var konfirmantar her i bygda. 2 og 2 år vert markert saman og det er tilsaman 20 med på feiringa denne gongen. Den vert avslutta imorgon med gudsteneste og middag på Helgheim etter å ha vorte innleia med tur oppover dalen med innlagt stopp på skulemuseet i ettermiddag. 4 av deltakarane hadde gått på skulen der - det var Anders Kristoffersen, Torunn Kjærland, Kåre Haugland og Håkon Haugland.



-Denne ruta øydela eg!

uskedalen.no spurde ruteknusaren om han var ein råtass på skulen,

- Slett ikkje, eg var særdeles uheldig den gongen. Det hadde seg nemlig slik at det gjekk ei tråpp opp til andrehøgda og eg kasta ein ball til topps på troppa. Men han kom attende og gjekk tvers gjennom ruta, Eg måtte vera med under reparasjonen og betala han sjølv utan at eg hugsar kor mykje det var, fortalde uskedelingen som no bur i Randaberg ved Stavanger, Men han tur det var 4 eller 6 kroner.



Klar til skuletime i 2015

Andre hadde sine muntre episoder å servera og det vart ei artig mimrestund leia av avtroppande leiar av soknerådet Møyfrid Kristoffersen, Også turen opp dalen var eit kapittel for seg, ettersom han skjedde med Volvobussen til Tide som no har rulla og gått sidan 1979 og framleis er nærmast problemfri. Lars Wang er i alle fall svært godt fornøgd med bussen som han og andre har brukt mange arbeidstimar på.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Møyfrid finn fram opningssongen